Statistisk sentralbyrå
Statistics Norway

Årsrapport 2018-2019

Kontaktutvalet for helse- og omsorgsstatistikk og sosialstatistikk

Unni Beate Grebstad

TALL SOM FORTELLER
NOTATER / DOCUMENTS
2020/24

I serien Notater blir det publisert dokumentasjon, metodebeskrivingar, modellbeskrivingar og standardar.

© Statistisk sentralbyrå
Ved bruk av materiale frå denne publikasjonen
skal Statistisk sentralbyrå bli gjeve opp som kjelde.

Publisert 18. mai 2020

ISBN 978-82-587-1139-8 (elektronisk)

Standardteikn i tabellar	**Symbol**
Tal kan ikkje førekoma	.
Oppgåve manglar	..
Oppgåve manglar foreløpig	…
Tal kan ikkje offentleggjerast	:
Null	-
Mindre enn 0,5 av den brukte eininga	0
Mindre enn 0,05 av den brukte eininga	0,0
Foreløpig tal	*
Brot i den loddrette serien	—
Brot i den vassrette serien	|
Desimalteikn	,

Føreord

Statistisk sentralbyrå (SSB) har sekretariatet for Kontaktutvalet for helse- og omsorgsstatistikk og sosialstatistikk. I samband med dette gjev SSB ut årsrapport med oversikt over arbeidet til utvalet. Avtalen som ligg til grunn for verksemda til utvalet følgjer som eige vedlegg (Vedlegg A, B). Referata frå dei gjennomførte møta i 2018-19 finn ein òg i vedlegg (Vedlegg C-I).

Statistisk sentralbyrå, 5. mai 2020.

Ann-Kristin Brændvang

Samandrag

Notatet gjer greie for verksemda i Kontaktutvalet for helse- og omsorgsstatistikk og sosialstatistikk i 2018 og 2019. Det inkluderer avtalen til utvalet, mandat og representasjon (kapittel 1), aktiviteten i utvalet (kapittel 2), oversikt over arbeidsgruppene som rapporterer til utvalet (kapittel 3) og sakene i utvalet i 2018 og 2019 (kapittel 4).

Avtalen til utvalet, mandat og representasjon blei drøfta og endra i 2013, og har i all hovudsak vore uendra i 2018-19. Avtalen er vedlagt notatet (jf. Vedlegg A). Bufdir kom inn som ordinært medlem i 2019 (jfr. Vedlegg B)

Utvalet sin aktivitet i 2018-2019 bestod av sju -7- møte haldne i mars, mai, september og november i 2018, samt mars, mai og september i 2019. Til møta blei det utarbeidd referat som alle er godkjente (jf. Vedlegg C-I).

Arbeidsgruppene som rapporterer og soknar til utvalet er uendra frå 2016 og har vore uendra i ei årrekkje. Dei aktuelle arbeidsgruppene har anten utspring i spesialisthelsetenesta eller i KOSTRA (Kommune-stat-rapporteringa).

Sakene i utvalet for 2018-2019 omhandla fleire tema. Av dei som kan trekkjast fram er Bufdir si utvikling av DigiBarnevern, som mellom anna vil innebere eit nytt rapporteringssystem for dei kommunale barnevernstenestene. Helsedirektoratet har også orientert om eit nytt Kommunalt pasient- og brukarregister (KPR). Ny lov om offisiell statistikk og statistikkprogrammet, som er under etablering, har vore omtalt på fleire møter i utvalet. Microdata.no vart også synt fram på møte i Kontaktutvalet.

På alle møta var ulike forvaltningseiningar representerte og fleire bidrog med å kaste lys over dei ulike sakene som vart handsama.

Innhald

Føreord ... **3**
Samandrag ... **4**
1. Avtale, mandat og representasjon ... **6**
2. Aktivitet ... **7**
3. Arbeidsgruppene ... **9**
4. Saker behandla i utvalet i 2018-2019 ... **10**
4.1. KPR: ... 10
4.2. Ny statistikklov og nasjonalt statistikkprogram ... 12
4.3. Microdata.no ... 13
4.4. DigiBarnevern: ... 14
4.5. Andre saker ... 16
Vedlegg A: Avtale ... **17**
Vedlegg B: Tilleggsavtale BUFDIR ... **21**
Vedlegg C: Referat fra 14. mars 2018: ... **22**
Vedlegg D: Referat fra 23. mai 2018 ... **26**
Vedlegg E: Referat frå 19. september 2018 ... **30**
Vedlegg F: Referat fra møte 21.11.2018 ... **36**
Vedlegg G: Referat fra møte 27.3.2019 ... **42**
Vedlegg H: Referat fra 29.mai 2019 ... **46**
Vedlegg I: Referat fra 25. september 2019 ... **51**

1. Avtale, mandat og representasjon

Det er *Avtale mellom Statistisk sentralbyrå og den sentrale helse- og sosialforvaltninga om helse- og omsorgsstatistikk og sosialstatistikk* (jf. Vedlegg I) som ligg til grunn for arbeidet som blir utført i Kontaktutvalet for helse- og omsorgsstatistikk og sosialstatistikk. Gjeldande avtale er datert august 2013.

Det er Statistisk sentralbyrå som er sekretariat for og leiar møta i utvalet. Seksjon for helse-, omsorg- og sosialstatistikk har ansvaret for sekretariatsoppgava.

Det er per desember **2019** følgjande forvaltningseiningar og organisasjonar representert i utvalet:

- Arbeids- og velferdsdirektoratet (NAV) 1
- Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) 3
- Helsedirektoratet (Hdir) 2
- Statistisk sentralbyrå (SSB) 2 + sekretariat
- Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) 2
- Kommunesektorens organisasjon (KS) 2 (ikkje formell avtalepart)
- Nasjonalt folkehelseinstitutt (FHI) 2 (ikkje formell avtalepart)

Det er per desember 2019 følgjande personer som er faste medlemmer av utvalet:

- NAV: Pål Eivind Aamodt
- HOD: Axel Miguel Huus, Sissel Skjæveland, Toril Berge Flatabø
- Hdir: Kirsti Strand
- SSB: Arne Jensen, Linda Allertsen (s), Unni Grebstad (s)
- Bufdir: Pål Strand, Solveig Valseth
- KS: Anne Gamme, Veslemøy Hellem
- FHI: Else-Karin Grøholt, Nora Heyerdahl

Utover dei faste medlemmane kan forvaltningseiningane og organisasjonane stilla med andre personar ved behov for å kaste lys over saker. Det er også tilfelle kor utvalet har invitert andre einingar på utvalsmøte enn dei som er representert i utvalet.

2. Aktivitet

Kontaktutvalet sine medlemmar vert oppmoda til å spele inn saker til møta. Dette kan vere saker som er til informasjon eller til diskusjon for utvalet sine medlemmar innafor ramma av avtale og mandat.

Det er særleg føremålsparagrafen i avtalen sitt punkt 2 som er styrande for kva som blir behandla i utvalet. Føremålsparagrafen seier:

- at den sentrale helse- og sosialforvaltninga og Statistisk sentralbyrå skal samarbeide for å koordinera sine informasjonsbehov for statistikk og analyse.
- at samarbeidet skal bringe fram relevant, påliteleg og samanliknbar styringsinformasjon for statlege, kommunale, fylkeskommunale og private helse- og omsorgstenester og sosialtenester. Datasetta består av data som minst ein av partane har behov for. Det er ei målsetjing å bringe fram eit mest mogleg heildekkande statistikkgrunnlag.
- at avtalen skal bidra til å koordinera og effektivisere rutinane for innsamling, utveksling, publisering og forvaltning av data, under her òg samordning av definisjonar og omgrepsbruk.

Det er gjennomført i alt sju – 7 – møte i utvalet i 2018-2019. Desse blei haldne på følgjande dato med tilhøyrande dagsorden:

14.mars 2018 (jf. Vedlegg C):
- Mandatet til Kontaktutvalet for helse- og omsorgsstatistikk og sosialstatistikk v/SSB
- Sak 2. Publisering av Bufdir sin kommunemonitor v/Solveig Valseth, Bufdir
- Sak 3. Rolleavklaring mellom Bufdir og SSB v/ Solveig Valseth, Bufdir og Unni Grebstad, SSB
- Sak 4. Eventuelt

23.5.2018 (jf. Vedlegg D):
- Sak 1. Orientering om statistikklovutvalet sin rapport: «NOU: Ny lov om offisiell statistikk og Statistisk sentralbyrå» v/Ann-Kristin Brændvang, SSB
- Sak 2. Publisering av ny folkehelserapport v/Else-Karin Grøholt, FHI
- Sak 3. Gjensidige orienteringar v/alle
- Sak 4. Eventuelt

19.9.2018 (jf. Vedlegg E):
- Sak 1. Kommunalt pasient og brukarregister (KPR) – status og vegen vidare v/Øyvind Schjøtt Christensen, Helsedirektoratet
- Sak 2. Microdata.no - Lettare tilgang til forskingsdata – sjølvbetent, utan å søka, utan å venta v/Johan Sjøberg, SSB
- Sak 3. Møte i samordningsrådet i KOSTRA – orientering om relevante saker v/Ann-Kristin Brændvang, SSB
- Sak 4. Gjensidige orienteringar v/alle
- Sak 5. Eventuelt

21.11.18 (jf. Vedlegg F):

- Sak 1. Ny forordning på statistikkområdet Health Care (non expenditure) v/Othilde Skjøstad, SSB
- Sak 2. Helsedataprogrammet – status v/Alexander Gray og Bjørn Holstad, Direktoratet for e-helse
- Sak 3. Gjensidige orienteringar frå deltakarane v/alle

27.3.2019 (jf. Vedlegg G):

- Sak 1. Skadebiletet i Noreg – presentasjon av ny FHI-rapport v/E. Ohm
- Sak 2. KOSTRA-publiseringa 15.mars – orientering om publisering av foreløpige tal for 2018 v/Trond Ekornrud, SSB
- Sak 3. Nye artiklar om sosialhjelp og butilhøve og om forholdet mellom stønadssatsar og utbetalt beløp v/Harald Tønseth og Othilde Skjøstad, SSB

29.5.2019 (jf. Vedlegg H):

- Sak 1. Frå verksemd til føretaksrapportering i Spesialisthelsetenesta - Prosessen knytt til endring av nivå på innrapportering v/Geir Hjemås, SSB
- Sak 2. Digi Barnevern – presentasjon av rapporteringsbanken v/Helge Lyberg, Bufdir
- Sak 3. Gjensidige orienteringar om relevante saker frå dei ulike medlemmane i utvalet v/alle

25.9.2019 (jf. Vedlegg I):

- Sak 1. Bruk av geodata i produksjon av helsestatistikk – Køyretid til nærmaste fødestad v/Emil Traaholt Vågnes, SSB
- Sak 2. SSB og regionreforma – konsekvensar og førebuingar v/Vilni Verner Holst Bloch, SSB
- Sak 3. Gjensidige orienteringar v/alle

3. Arbeidsgruppene

Det er fire faste arbeidsgrupper som sorterer under Kontaktutvalet for helse- og omsorgsstatistikk og sosialstatistikk:

- Arbeidsgruppe for spesialisthelsetenester
- KOSTRA arbeidsgruppe for helse- og omsorgstenester
- KOSTRA arbeidsgruppe for sosialtenester
- KOSTRA arbeidsgruppe for tannhelsetenesta

Det er SSB som har sekretariatet for arbeidsgruppene, medan fagdepartementa for dei respektive gruppene soknar til den som har den formelle leiinga av gruppene. Arbeidsgruppe for spesialisthelsetenester, KOSTRA arbeidsgruppe for helse- og omsorgstenester og KOSTRA arbeidsgruppe for tannhelsetenester sorterer alle under Helse- og omsorgsdepartementet, medan KOSTRA arbeidsgruppe for sosialtenester sorterer under Arbeids- og sosialdepartementet.

Alle KOSTRA arbeidsgrupper utarbeider årsrapportar som dokumenterer verksemda i gruppene. Årsrapportane frå KOSTRA arbeidsgruppene blir sendt ut til kontaktutvalet sine medlemmar til orientering før dei blir sendt til Samordningsrådet for KOSTRA ultimo juni kvart år.

4. Saker behandla i utvalet i 2018-2019

Rapporten trekkjer fram nokre saker som har vore av særskild interesse i utvalet.

4.1. KPR:

Status for KPR i september 2018 *(møte 19.9.2018)*



Kjelde: Helsedirektoratet

Overordna status for KPR i september 2018 er at data frå KUHR (Kontroll og utbetalingar av helserefusjonar) om fastlegar og legevakt for 2017 er publisert. Det blir arbeida vidare med månadlege oppdateringar av publiserte data for fastlege og legevakt, og ein ønsker òg å publisere data om fysioterapi frå KUHR etterkvart.

Siste årgang med rapportering av data frå helse- og omsorgstenestene via IPLOS (Individbasert pleie og omsorgsstatistikk) var for 2017-årgangen. F.o.m. 2018-årgangen skal desse data bli rapporterte inn via helsenettet til KPR. Det blir no jobba med å få på plass løysningar i KPR som skal sikre at innrapporteringa av data for 2018-årgangen skal gå fint i 2019.

Trinn 2 for KPR er å fange data frå meldingar i sektoren. Dette vil i første omgang gjelde allmennlegetenesta og omsorgstenestene. Vidare arbeider ein med å få inkludert data frå helsestasjons- og skulehelsetenesta. Helsedirektoratet vil foreslå ei satsing på meldingsutveksling, dette er rett nok ikkje endeleg avgjort.

Når det gjeld utvidingar av publisering av eksisterande datagrunnlag, blir det jobba med å få på plass månadlege oppdateringar av fastlege og legevakt. I tillegg ønskjer ein etter kvart å få på plass tilsvarande data for fysioterapitenesta. Kva data om fysioterapitenesta som vil bli inkludert i KPR og publisert, er avhengig ny teknisk infrastruktur.

Tannhelsedata om personar med gitte sjukdomar og lidingar som mottar refusjonar for tannbehandling etter ulike innslagspunkt finst allereie i KPR, men er enno ikkje publisert. Ein vil gå i gang med arbeidet å vurdere kva som skal publiserast knytt til dette i løpet hausten 2019. Når det gjeld ytterlegare rapportering av tannhelsedata i KPR, er det i første omgang ønskjeleg å få inn data om den offentlege tannhelsetenesta. Data frå den private tannhelsetenesta, utover det som allereie blir rapportert i KUHR, blir ikkje prioritert i første omgang. Helsedirektoratet har ei opning i lovverket for KPR å be om data frå den private tannhelsetenesta òg, men då må det gjerast endringar i KPR-forskrifta.

Det blei elles nemnd at det no er mogleg å søke om utlevering av data for KUHR og IPLOS for 2017-årgangen for forskarar.

IPLOS-melding til KPR

Prosjekt KPR 1.1 etablerer no nye tekniske helseregisterløysningar for behandling av IPLOS-melding til KPR. IPLOS-data for 2017 er blitt overført frå SSB, og det blir samarbeida for å sikre konsistens i tidsseriar. Utviklingsarbeidet ligg p.t. etter planen.

Helsedirektoratet understreka at det vil vere ein risiko for at EPJ-leverandørane si utvikling og oppgradering kjem for seint. Det vil bli gjennomført ein pilot av innrapportering frå kommunane i november/desember 2018. Nytt innhald i IPLOS-melding til KPR for 2019, vil neppe bli rapportert komplett før i data for 2020 (velferdsteknologi, ventelister).

Fristen for innrapportering av data for omsorgstenestene (IPLOS-meldinga) for 2018-rapporteringa vil etter planen bli sett til 15.februar. Det kan bli kritisk med leveranse av data frå Helsedirektoratet til SSB i samband med publisering av foreløpige KOSTRA-tall 15. mars. Helsedirektoratet og SSB har laupande dialog om dette og eventuelle tiltak må vurderast i løpet av hausten 2018.

I samband med innrapportering til KPR vil det bli etablert eit nytt regime for mottak, test og tilbakemelding. Det vil bli gjennomført ein overgang til etablerte standardar for meldingsutveksling i helsenettet, bl.a. skjemavalidering. Det er planlagt tilbakemelding i pilot hausten 2018 i form av nøkkeltal om brukarar og datakvalitet for rapportørane. Tilbakemelding i drift (2019) vil òg innehalda rapportgenerator for feillister med pålogging. Det er elles ei målsetjing at datamottak, kvalitetssikring og tilbakemelding skal automatiserast. Det blei samstundes nemnd at personleg oppfølging med rapportørane er ein viktig del av kvalitetssikringa av data som kjem inn til registeret.

KPR trinn to - utviding av data i KPR

Når det gjeld utviding av datagrunnlaget i KPR, vil det i første omgang vere tenesteområda omsorgstenester og allmennlegetenesta som blir prioritert. Deretter vil helsestasjons- og skulehelsetenesta bli prioritert. Det kjem til å bli levert ei konseptutreiing i løpet av hausten 2018 som vil sjå på utvida datafangst frå omsorgstenesta (utvida rapportering av IPLOS, utnytta eksisterande meldingar i helsenettet (PLO-melding), allmennlegetenesta (eksisterande meldingar i helsenettet, basismeldingar og PLO-meldingar). Konseptutreiinga vil fungere som avgjersleunderlag for prioritering av vidare aktivitet.

Datafangst av eksisterande meldingar i helsenettet

Kjelde: Helsedirektoratet

Når det gjeld datafangst frå eksisterande meldingar i helsenettet, blei det i 2017 sendt 213 923 742 medisinske meldingar i helsenettet. Meldingane blir sendt kryptert frå avsendar sin EPJ til mottakar sin EPJ, og følgjer definerte meldingsstandardar og bruker fødselsnummer som nøkkel (illustrert i figur under).

Aktuelle meldingstypar som det er ønskjeleg å nytta til relevante data er:

- Basismeldingar: *Tilvisings-*, *epikrise-*, *rekvisisjons-* og *svarmelding*
- PLO-meldingar: *Fag-*, *dialog-* og *pasientlogistikkmeldingar*

Helsedirektoratet vil foreslå ei satsing på meldingsutveksling, dette er rett nok ikkje fatta endeleg avgjersle om.

4.2. Ny statistikklov og nasjonalt statistikkprogram

Møte 23.5.2018
Den nye lova skal fremje offisiell statistikk som skal kunne bidra til allmenn folkeopplysning og støtte opp under analyse, forsking, vedtak og generell samfunnsdebatt. (Lenke til rapporten: https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2018-7/id2594104/

I NOU'en går det fram at SSB har to samfunnsoppgåver:

1) SSB skal vere den sentrale myndigheita for offisiell statistikk i Norge
2) SSB skal drive forsking og analyse

SSB skal fortsette med å utføre forsking og analyse som støttar oppunder statistikkproduksjon og rette seg mot sentralforvaltninga og regjeringa, Storting, partane i arbeidslivet og allmenheita (herunder modellutvikling, konjunkturanalyser og prognoser mv.)
Det vert synt til kostnader og risiko ved ev. å splitta opp dei to samfunnsoppgåvene som SSB har.
SSB skal ikkje ha privilegert tilgang til data og det vert vidare anbefalt:

Eit nasjonalt statistikkprogram for offisiell statistikk som skal vere fleirårig, samt angje statistikkområde og ansvarlege myndigheiter og regjeringa skal gjera vedtak.

Anbefalinga er at det skal vere meir deling av data frå SSB. Det er og føreslått at det blir varslingsplikt til SSB og rett til å bli høyrt når offentlege informasjonssystem skal endrast.

Klargjering av fagleg sjølvstende:

- vert lovbestemt, avgrensar instruksjonsmyndigheita og det konstitusjonelle ansvaret
- gjeld først og fremst korleis oppgåvene skal utførast, ikkje kva slags oppgåver
- klåre styringsliner ved å erstatta styre til SSB med eit råd

SSB orienterte om at helse er brukt som eit gjennomgåande eksempel i NOU'en. Det har også vore vurderingar knytt til kva for eit departement SSB skal liggja under.

Tidlegare har lova om helseregister gått føre statistikklova, men dette tilhøve er omvendt i NOU'en. Statistikkrolla til SSB skal styrkjast gjennom opplysnings-plikta og minimumskrav for offisiell statistikk som finst i Code of Practice (CoP). Eit eige statistikktilsyn er ikkje føreslått, men SSB vil ha ei koordinerande rolle. Kvalitetsgjennomgangar av statistikkar og Peer Review bidreg til å kunne fylle denne rolla.

Sidan møte i 2018 har SSB utarbeidd eit nasjonalt statistikkprogram som no er til handsaming hjå dei partane det gjeld. Ny lov om offisiell statistikk og Statistisk sentralbyrå er også vedteke: https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2019-06-21-32?q=statistikkloven

4.3. Microdata.no

Møte 19.9.2018
Føremålet med presentasjonen var å vise fram den nye nettenesta microdata.no, kvifor løysinga er smart, korleis ein har fått til å etablere sida, kva som ligg av innhald på sida, korleis ein får tilgang og korleis ein jobbar på sida. Kort fortalt gjev den nye nettenesta forskarar tilgang til forskingsdata der og då, online frå eigen PC, utan å måtte søkje om tilgang og utan at det går ut over personvernet.

Bakgrunnen for nettsida er eit samarbeidsprosjekt mellom NSD (Norsk senter for forskingsdata) og SSB, finansiert av Noregs forskingsråd under programmet Nasjonal satsing på forskingsinfrastruktur. Prosjektet blei starta under namnet RAIRD (Remote Access Infrastructure for Register Data) og blei etter kvart døypt om til microdata.no. Nettenesta er open for studentar og forskarar ved godkjent institusjon, som har inngått avtale med nettenesta. Tenesta er gratis dei to første åra, og vil etter det vera basert på abonnement.

I microdata.no kan forskarar og studentar sjølv setja saman individdata om befolkning, utdanning, inntekt, arbeidsmarknad og trygd frå SSB og analysera dei utan å måtte søkja først. Institusjonar med avtale kan administrera eigne brukarar. Tenesta er unik i verdssamanheng. Dette er ein ny måte å tenkje datatilgang på. Forskarar får online tilgang - der og då - og gjer analysane sine utan å sjå data. Personvernet er bygd inn i teknologien, og sørgjer for at alle resultat er anonyme.

Microdata.no gjer det mogleg for forskarar å sleppe og skaffe behandlingsgrunnlag og å søkje SSB om tilgang til data knytt til kvart enkelt forskingsprosjekt. Samstundes vil nettenesta vere nyttig for forskarar i framkant av bestilling av data til ulike prosjekt, blant anna for å finne populasjon og liknande. Målsetjinga til SSB og Noregs forskingsråd er at microdata.no skal føre til meir forsking, bli billegare for brukarane og at tilgang til data skjer raskare. I tillegg er det behov for eksplorative analysetenester, i større grad enn tidlegare gjera det mogleg med deling og etterprøving av datasett og ha nettbasert tilgang for dette.

I arbeidet med å utvikle nettenesta gjekk ein der det var mykje å henta, nemleg byråkratiet og produksjonen av skreddarsydde datafiler til forskarar. I samband med tilgang til kopla data til forskingsføremål er det mykje byråkrati med søknadsprosessen. Den nye løysinga gjer at ein ikkje treng å søkje om behandlingsgrunnlag eller tilgang. I samband med produksjonen går det mykje tid med til å leggje til rette datafiler skreddarsydde for dei enkelte forskingsprosjekta. I den nye nettenesta er forskarane sjølvbetente.

I forsking er det resultata som er viktige, ikkje enkeltindivida. Med utgangspunkt i dette utvikla ein eit konsept som gjer det mogleg å gjere analysar på skarpe data samstundes som dei vert undertrykte i resultatframsyninga (anonymiserande grensesnitt med innebygd personvern). Konseptet blir kalla Statistical Disclosure Control (SDC).

På møtet blei det halde ein demonstrasjon av moglegheitene som finst på nettsida. Tenesta er nettbasert, sjølvbetent og fungerer i korte trekk slik at ein finn metadata/dei variablane ein ønskjer å kopla og koplar ved hjelp av eit script online som inneheld ei rekke kommandoar. Dei anonymiserte resultata vert etter det synlege og kan nyttast av forskaren. Det finst dokumentasjon på nettsida både om kva dei ulike variablane inneheld og kommandoane som kan brukast.

Microdata.no inneheld data om befolkning, utdanning, inntekt, arbeidsmarknad og trygd. Desse kan delast i fire datatypar:

1. Førelaupsdata – eventdata – start og stoppdatoar (t.d. bustad)
2. Tverrsnitt – Data for gitte datoar (t.d. utdanning)
3. Fast – Endrast ikkje (t.d. innvandringskategori)
4. Akkumulert – sum for ein periode (t.d. årsinntekt)

Når det gjeld tilgang til microdata.no, er det berre godkjende forskingsinstitusjonar som kan ha dette. Forskingsinstitusjonane må inngå institusjonsavtale med Microdata.no og kan då sjølv regulere tilgangen til sine tilsette.

Når det gjeld vidare veg for microdata.no, er det ein søknad til Noregs forskingsråd på gang for å vidareutvikle tenesta. Målsetjinga er blant anna å gjere fleire SSB-data tilgjengelege i framtida, utvikle løysningar for tredjepartsdata (t.d. helsedata), løysningar for eigne undersøkingar og digital søknadsdialog.

Det blei stilt spørsmål frå kontaktutvalet om andre grupper enn studentar og forskarar kan få tilgang til denne tenesta i framtida. Svaret er at ein starta opp med å utvikla ei teneste som gjer det mogleg for studentar og forskarar å få lettare tilgang. Etter kvart er det eit mål å gi fleire brukargrupper tilgang, som t.d. etatar som treng data til offentleg planlegging, men òg allmennheita generelt.

Etter møte i kontaktutvalet har det vore eit kontinuerleg utviklingsarbeid på tenesta. Meir informasjon kan finnast her: https://microdata.no/

4.4. DigiBarnevern

Møte 29.5.2019
Dette er eit viktig satsingsområde både når det gjeld å sørgje for lågare tersklar for innrapportering av bekymringsmeldingar til barnevernet og for å få betre kunnskap om barneverntenesta.

Først litt generelt om DigiBarnevern: Dagens situasjon er ikkje tilfredsstillande i høve til IT-systema som reduserer barnevernet si evne til å gje god og effektiv hjelp til borna. Det var ei HMS-sak i Trondheim som var startskotet for DigiBarnevern. I 2016 vart det etablert eit nasjonalt prosjekt og 8 kommunar har delteke i dette. Hovedkonklusjonen er at tilsette og leiarar i den kommunale barneverntenesta ikkje får den IT-støtta dei treng, og at det er lite samhandling internt og eksternt. Hovedføremålet er difor å auke kvaliteten på barnevern-tenestene. Forprosjektet som løp fram til april 2017 anbefalte å utvikle DigiBarnevern vidare. Bufdir skal også utvikle eit kvalitetssystem for barnevern.



DigiBarnevern består av eit statleg og eit kommunalt system. Organisering: eigarar er Bufdir og KS. Arbeidet er regulert gjennom avtalar og samhandlingsfora. Sentrale arbeidsområde i prosjektet er: omgrep (viktig med einsarta bruk av omgrep), informasjonsmodell, meldingsformat, rapporteringsbank, barnevernsfagleg kvalitetssystem.

Ansvaret for ein nasjonal portal for bekymringsmeldingar måtte flyttast då Bufdir vart klar over at dei ikkje hadde heimel for å hente inn data frå enkeltpersonar, men kun frå kommunar. Vidare utvikling av den nasjonale portalen vert ført over frå den statlege delen av DigiBarnevern til den kommunale delen frå mai 2019.

Rapporteringsbanken har som målsetjing å få fram eit betre kunnskapsgrunnlag for å få eit betre beslutningsgrunnlag, samt levera eit betre datagrunnlag. Dagens innrapportering skjer ikkje så ofte (SSB årleg, Fylkesmannen (FM) som mottek innrapportering frå kommunene halvårleg). Dette fører med seg at det finst to ulike datasett og det er avvik mellom tala då det er to ulike definisjonar av kva som skal rapporterast, samt ulike nivå for innhenting, individdata til SSB og kommunedata til FM. Arbeidshypotesa no er at det skal jobbast med å hente inn xml-filer frå kommunane til Bufdir og rapporteringsbanken. Data vil etter det bli pseudonymisert. Statistikk vil bli produsert, medan datafiler vil bli levert til SSB. Ambisjonsnivået er at rapporteringa skal automatiserast og dermed kunne ha ein høgare frekvens og hyppigheit enn kva som er høve i dag. Data kan også bli gjort rikare ved at dei vert sette saman med befolkningsdata og utdanningsdata. Dette er noko Bufdir ikkje kan gjere sjølv no.

Framdriftsplan:

- Bufdir legg opp til at rapporteringsbanken skal vere fullstendig utvikla og implementert innan utgangen av 2022.
- Rapporteringsbanken skal vere klar til å ta imot data frå dagens system innan utgangen av 2020 og frå nye system innan utgangen av Q3 2022.
- Data skal gjerast tilgjengeleg for SSB innan utgangen av Q1 2021 (først data fra dagens system; seinare inkludert data frå nye system).

Innan utgangen av 1. kvartal 2021 vert data gjort tilgjengeleg for SSB. Det er grunn til å tru at dette er data slik dei ser ut i «staging» (individdata).

Spørsmål til Bufdir når det gjeld DigiBarnevern frå Kontaktutvalet:

Hdir hadde eit spørsmål om sosioøkonomiske opplysningar til brukarar av barneverntenester, og om det er mogleg å innlemme desse i det skisserte rapporterings- og produksjonssystemet for Digi Barnevern. Bufdir har primært heimel for å handtere barnevernsdata, og det er SSB som må kople barnevernsdata med opplysningar frå andre kjelder der Bufdir ikkje har heimel.

SSB kommenterte at ny statistikklov blei diskutert i finanskomiteen i går (28.5.19). Slik lovutkastet føreligg vil mellom anna statistikkprogrammet kunne opna ein del moglegheiter knytt til rolleavklaringa og deling av data.

FHI gav uttrykk for at ny statistikklov gjev håp i høve til å kunna kopla på fleire data, og fremja ønskje om at lova i eit framtidig møte i kontaktutvalet kunne verte presentert.

KS peika elles på at det er vanskeleg for kommunane å få oversikt, og at kommunene difor ønskjer seg ein portal inn. KS var dessutan opptatt av at det er samanheng mellom ulike kjelder til informasjon, som til dømes FHI sine kommunehelseprofilar og andre data. Viktig å tenkje på dei totale behova. Kommunane er i ei særstilling ved at dei gjerne ønskjer datasett tilbake igjen etter at dei har innrapportert. Det er like fullt nokre avgrensningar som følge av GDPR-regelverket.

4.5. Andre saker

Det er opp til medlemmane i utvalet å spele inn saker til dagsorden på møta. I tillegg til sakene om *KPR, DigiBarnevern, ny statistikklov om offisiell statistikk og microdata.no* har det vore andre saker på dagsordenen til behandling i Kontaktutvalet for helse- og omsorgsstatistikk og sosialstatistikk:

- *Leve hele livet:* HOD har orientert om stortingsmeldinga Meld. St. 15 (2017-2018). Tal frå SSB-prosjektet: *Fremtidens eldre i by og bygd er mye brukt i meldingen.* Oppfølginga startar 1.1.2019 og vil vare i 5 år.
- *Helsedataprogrammet:* Direktoratet for e-helse har orientert om status for helsedataprogrammet som skal betre utnyttinga av og kvaliteten på norske helsedata. Målet er at programmet skal bidra til meir og betre helseforsking, meir innovasjon og næringsutvikling skal basere seg på bruk av helsedata. Betre bruk av helsedata til styring og administrasjon, samt meir kunnskapsbaserte helsetenester og meir riktig ressursbruk i helsetenesta er også viktige målsetjingar, samt meir involverte innbyggjarar og ei styrka pasientrolle.
- *Kommune- og regionreforma:* Frå 1.1.2020 vil 119 kommunar verte slått saman til 47 nye kommunar, og talet på fylke vert redusert frå 18 til 11. Pr. 1.1.2020 vil talet på kommunar vere 356. SSB har informert om sentrale problemstillingar, knytt til kommune- og regionreforma, som vil ha innverknad for publisering av statistikk framover på møte i kontaktutvalet.
- *KOSTRA:* Modernisering av KOSTRA og ny publiseringsløysning, orientering av førebelse og endelege KOSTRA-tal har vore eit fast tema på møta i Kontaktutvalet.
- *Sosialhjelpsanalysar:* fleire sosialhjelpsanalyser på dette statistikkområde er publisert som eit resultat av prosjekta innafor rammeavtalen mellom SSB og ASD.

Vedlegg A: Avtale

AVTALE MELLOM
STATISTISK SENTRALBYRÅ
OG
DEN SENTRALE HELSE- OG SOSIALFORVALTNINGEN
OM
HELSE- OG OMSORGSSTATISTIKK OG SOSIALSTATISTIKK

1. Partene i avtalen

Parter i denne avtalen er Statistisk sentralbyrå og den sentrale helse- og sosialforvaltning representert ved Helse- og omsorgsdepartementet, Helsedirektoratet og Arbeids- og velferdsdirektoratet (NAV).

2. Formål

2.1. Den sentrale helse- og sosialforvaltning og Statistisk sentralbyrå skal samarbeide for å samordne sine informasjonsbehov for statistikk og analyse.

2.2. Samarbeidet skal frembringe relevant, pålitelig og sammenlignbar styringsinformasjon for statlige, kommunale, fylkeskommunale og private helse- og omsorgstjenester og sosialtjenester. Datasettene består av data som minst en av partene har behov for. Det er en målsetning å frembringe et mest mulig heldekkende statistikk-grunnlag.

2.3. Avtalen skal bidra til samordning og effektivisering av rutinene for innsamling, utveksling, publisering og forvaltning av data, herunder også samordning av definisjoner og begrepsbruk.

3. Databehandler

3.1. For å samordne datainnsamlingen har partene avtalt at Statistisk sentralbyrå i hovedsak forestår innsamling som databehandler for den sentrale helse- og sosialforvaltning, jf personopplysningsloven § 15 og helseregisterloven § 18.

3.2. Statistisk sentralbyrå skal sørge for tilfredsstillende informasjonssikkerhet, jf personopplysningsloven § 13 og helseregisterloven § 16.

4. Organisering av samarbeidet

4.1. Avtalen forvaltes av Kontaktutvalet for helse- og omsorgsstatistikk og sosialstatistikk.

4.2. Kontaktutvalets sammensetning er

- 1 representant fra Helse- og omsorgsdepartementet
- 1 representant fra Arbeids- og velferdsdirektoratet (NAV)
- 2 representanter fra Helsedirektoratet
- 2 representanter fra Statistisk sentralbyrå

Kontaktutvalet kan ved behov i forhold til aktuelle saker, ha med flere representanter fra disse etatene.

4.3. Statistisk sentralbyrå er sekretariat for Kontaktutvalet.

4.4. Kontaktutvalet anses å være representert i arbeidsgruppen for spesialisthelsetjenesten og i KOSTRA-arbeidsgruppene for helse- og omsorgstjenester, tannhelsetjenester og sosialtjenester, ved de respektive etatenes medlemmer i arbeidsgruppene. Det forutsettes at etatenes medlemmer i arbeidsgruppene løpende holder sine representanter i Kontaktutvalet orientert om saker i arbeidsgruppene som skal fremmes i de årlige rapportene til Samordningsrådet. Se for øvrig avtalens punkt 10 om forholdet til Samordningsrådet i KOSTRA.

4.5. Kommunesektorens organisasjon inviteres til å delta i Kontaktutvalet for å ivareta kommunenes interesser som oppgavegivere og brukere av data. Kontaktutvalet kan også invitere andre instanser til å ta del i arbeidet i utvalet eller i utvalets arbeidsgrupper.

5. Avtalens omfang

5.1. Avtalen omfatter data fra alle statlige, kommunale, fylkeskommunale og private helse- og omsorgstjenester og sosialtjenester, jf. avtalen punkt 2.2.

5.2. Forvaltningen kan samle inn data for styrings- og tilsynsformål (herunder intern eierstyring) i tillegg til det omforente datagrunnlag som denne avtalen tar sikte på, se avtalens punkt 6.4.

5.3. Både datainnhold i og dataflyt til/fra helseregistre og administrative registre/trygderegistre faller som hovedregel utenfor denne avtalen. Innholdet i datasettene må likevel løpende vurderes opp mot hvilke data slike registre kan gi. En eventuell overgang fra skjema- til registerbasert innsamling og publisering av personelldata vil fortsatt være omfattet av denne avtalen. Også ellers kan spørsmål om registerdata tas opp under henvisning til avtalen, dersom det ikke finnes et annet, mer egnet forum for å løse slike spørsmål. Partene kan på eget initiativ fremme saker for utvalet av felles interesse.

6. Samordnet innsamling av data

6.1. De aktuelle data skal tjene to ulike formål - myndighetenes databehov og den offisielle statistikken. Det er stor grad av sammenfall mellom disse to typene av data. Det er derfor rasjonelt med utstrakt samordning av arbeidet med datainnsamling og statistikkproduksjon.

Det må således tilstrebes at ett datasett samles inn bare én gang, og at data samles inn på en ensartet måte som i minst mulig grad belaster oppgavegiveren.
Det må også brukes entydige felles definisjoner som samsvarer med fastlagte standarder på området.

6.2. Statistisk sentralbyrå skal ha en tosidig funksjon i arbeidet med helse- og omsorgsstatistikken og sosialstatistikken:

a) databehandler som på vegne av den sentrale helse- og sosialforvaltning skal samle inn, tilrettelegge og formidle data som dekker lokale og sentrale myndigheters behov for tilsynsdata og data for mål- og resultatstyring,

samordnet med eventuell tilleggsinformasjon som er nødvendig for den offisielle statistikken

b) hente ut av dette datamaterialet alt som er av interesse for den offisielle statistikken.

6.3. Hver av partene definerer sitt eget databehov på grunnlag av lovpålagte og/ eller andre sentrale arbeidsoppgaver innen institusjonens definerte ansvarsområde.

Partene er likeverdige når det gjelder å beslutte hvilke data som skal samles inn innenfor tilgjengelige ressurser og egne hjemler. Partene har et felles ansvar for å foreta en nødvendig tilpasning og samordning, slik at den totale datamengden som samles inn framstår som en helhet med rimelig omfang og med nytteverdi også for oppgavegiver. Dette innebærer informasjonsplikt og drøftinger mellom partene før en beslutning tas. Når det gjelder kvalitetssikring av data før/ etter innsamling, kan det treffes avtale om at også andre enn Statistisk sentralbyrå deltar i kontrollarbeid, jf. de oppgaver Regional statsforvaltning ved Fylkesmann fortsatt er tillagt i KOSTRA.

6.4. Når forvaltningen skal gjennomføre større statistiske undersøkelser, skal melding om dette på forhånd sendes til Statistisk sentralbyrå, jf statistikkloven § 3-3. Statistisk sentralbyrå har adgang til slike data for statistikkformål, i den utstrekning statistikkloven gir hjemmel for det.

6.5. Når det gjelder eierstyringen av spesialisthelsetjenesten, kan forvaltningen velge å holde utforming og rapportering av detaljerte styringsdata utenfor Kontaktutvalet og dets arbeidsgrupper.

6.6. Kontaktutvalet m/ arbeidsgrupper skal her behandle det datasett avtalepartene har behov for til andre formål enn eierstyring. Dette omfatter også det datasett Statistisk sentralbyrå skal benytte til offisiell statistikk

6.7. Så langt det er praktisk mulig bør endringer i statistikkopplegget fastlegges i kontakt med oppgavegiver. Oppgavegiver bør få beskjed om endringer i ønsket dataomfang før inngangen til det året data ønskes for. All datainnsamling vil være elektronisk.

6.8. Det må tilstrebes at de som avgir informasjon, får rask og lett tilgjengelig tilbakemelding om resultatene fra datainnsamlingen. Informasjonen må foreligge i en slik form at den virker meningsfull og har relevans for brukernes arbeidssituasjon.

7. Hjemmel for datainnsamling

7.1. For de statistikkområder hvor den sentrale helse- og sosialforvaltning har overordnet tilsynsmyndighet og som er omfattet av denne avtalen, vil den sentrale helse- og sosialforvaltning ha egen hjemmel i særlov til å hente inn opplysninger. Den sentrale helse- og sosialforvaltningen kan ved forskrift eller enkeltvedtak bli pålagt å gi de opplysninger som er nødvendig for utarbeidelse av offisiell statistikk, så langt lovbestemt taushetsplikt ikke er til hinder for dette, jf. statistikkloven § 2-2. Statistisk sentralbyrå har rett til å utnytte administrative datasystemer i statsforvaltningen som grunnlag for offisiell statistikk, jf. statistikkloven § 3-2.

7.2. Innsamling av opplysninger vil skje ved totrinns hjemmel. Opplysninger samles inn av Statistisk sentralbyrå på vegne av en av avtalepartene i den sentrale helse- og sosialforvaltning med hjemmel i særlov/forskrift. Statistisk sentralbyrå beholder en kopi av opplysningene med hjemmel i statistikkloven § 2-2 for utarbeidelse av offisiell statistikk. Både den aktuelle hjemmelshaver og Statistisk sentralbyrå har selvstendig eiendomsrett til opplysningene.

7.3. Før innsamling av opplysninger skal den aktuelle hjemmelshaver skriftlig bekrefte overfor Statistisk sentralbyrå at den aktuelle innsamlingshjemmel er korrekt og tilstrekkelig for den aktuelle innsamling.

7.4. Oppgavegiverne skal i hvert enkelt tilfelle informeres om hvilken hjemmel som er brukt for innsamling av data.

8. Publisering

8.1. Statistisk sentralbyrå skal tilgjengeliggjøre og spre relevant statistikk, og skal gi opplysninger til statistisk bruk for forskingsformål og for offentlig planlegging etter statistikklovens bestemmelser.

8.2. Kontaktutvalet skal forelegges planer om ny/ endret publisering fra alle avtalepartnere, med tanke på mulig samordningsgevinst.

9. Utlevering av data

9.1. For de undersøkelser hvor Statistisk sentralbyrå samler inn data på vegne av den sentrale helse- og sosialforvaltning med hjemmel i særlov, jf. avtalens pkt. 7, vil den aktuelle hjemmelshaver på forespørsel få utlevert grunnlagsmaterialet fra Statistisk sentralbyrå.

9.2. Utlevering etter pkt 9.1 omfatter kun ureviderte data slik de foreligger ved innsamling. For den del av datamaterialet som er overtatt av Statistisk sentralbyrå med hjemmel i statistikkloven § 2-2 og er gjenstand for statistisk bearbeiding, jf. punkt 7.2, er det statistikklovens regler for utlevering som gjelder.

10. Forholdet til Samordningsrådet i KOSTRA

10.1. Kontaktutvalet kan fremme vedtak om endringer i skjema for *kommunale og fylkeskommunale tjenester* via etatenes representanter i arbeidsgruppene. Dette forutsetter en tett og løpende kontakt mellom arbeidsgruppene og Kontaktutvalet slik at endringer fremmes i god tid før arbeidsgruppenes avlevering av rapport til Samordningsrådet. Jf også avtalens punkt 4.4. Arbeidsgruppenes rapport til Samordningsrådet leveres Kontaktutvalet til orientering samtidig som rapporten sendes Samordningsrådet. Når partene, gjennom arbeidsgruppenes forslag, er blitt enige om et datasett som minst en av partene har behov for (jf avtalens punkt 2.2), kan dette ikke omgjøres av Samordningsrådet. Kontaktutvalet m/ arbeidsgrupper skal imidlertid påse at statistikkutviklingen skjer i tråd med de prinsipper som er trukket opp i Samordningsrådets mandat.

11. Undertegning

Denne avtale er undertegnet i 4 -fire- eksemplar, hvorav hver part beholder 1 -ett- eksemplar.

Vedlegg B: Tilleggsavtale BUFDIR

TILLEGGSAVTALE

AVTALE MELLOM STATISK SENTRALBYRÅ OG DEN SENTRALE HELSE- OG SOSIALFORVALTNINGEN OM HELSE OG- OG OMSORGSSTATISTIKK OG SOSIALSTATISTIKK

I avtale av august 2013 mellom Helse- og omsorgsdepartementet, Helsedirektoratet, Arbeids- og velferdsdirektoratet og Statistisk sentralbyrå er partene enige om følgende endring:

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) trer inn som avtalepart etter alle partenes signatur. Bufdirs rolle som observatør i Kontaktutvalget for helse- og omsorgsstatistikk og sosialstatistikk opphører fra samme dato.

Bufdir skal delta med 1-2 representanter i Kontaktutvalget, jfr. avtalens punkt 4.2.

Hver part beholder ett eksemplar av signert avtale.

Oslo, oktober 2019

Bjørn-Inge Larsen

Helse- og omsorgsdepartementet

Bjørn Guldvog

Helsedirektoratet

Sigrun Vågeng

Arbeids- og velferdsdirektoratet

Geir Axelsen

Statistisk sentralbyrå

Mari Trommald

Barne,- ungdoms- og familiedirektoratet

Vedlegg C: Referat fra 14. mars 2018:

ugr, 14.03.2018

Til stede:
Hanne Narbuvold, Hdir
Pål Eivind Aamodt, NAV
Else-Karin Grøholt, FHI
Nora Heyerdahl, FHI
Solveig Valseth, Bufdir
Ida Austad, Bufdir
Anne Gamme, KS
Ann-Kristin Brændvang, SSB
Tone Dyrhaug, SSB
Unni Beate Grebstad, SSB(ref.)

Referat fra møte i Kontaktutvalget for helse- og omsorgstatistikk og sosialstatistikk 14. mars 2018

Sak 1. Mandatet til Kontaktutvalget for helse- og omsorgsstatistikk og sosialstatistikk, v/Unni Beate Grebstad, SSB

SSB orienterte rundt formålet med Kontaktutvalget som er regulert gjennom: «Avtale mellom Statistisk sentralbyrå og den sentrale helse- og sosialforvaltningen om helse- og omsorgsstatistikk og sosialstatistikk» som ble underskrevet i august 2013 av Bjørn-Inge Larsen (Helse- og omsorgsdeprtementet), Bjørn Guldvog (Helsedirektoratet), Joakim Lystad (Arbeids- og velferdsdirektoratet), Hans Henrik Scheel (Statistisk sentralbyrå).

Mandatet er gitt i avtalen og partene er enige om følgende formål: a) samarbeide for å samordne informasjonsbehov for statistikk og analyse, b) frembringe relevant, pålitelig og sammenlignbar styringsinformasjon, c) bidra til samordning og effektivisering.

Kontaktutvalgets sammensetning er: 1 representant fra Helse- og omsorgsdepartementet, 1 representant fra Arbeids- og velferdsdirektoratet (NAV), 2 representanter fra Helsedirektoratet, 2 representanter fra Statistisk sentralbyrå (sekretariat). I tillegg har KS, Barne- ungdoms- og familiedirektoratet og Folkehelseinstituttet observatørstatus.

